Viser og kvad

Förord till den elektroniska utgåvan

Under arbete...

NOREG

Og Noreg vart funne, og Noreg vart bygt. Og Noreg vart samla, og Noreg vart trygt.

Og Noreg vart svike, og Noreg vart strypt. Og Noreg vart rive, og Noreg vart klypt.

Og Noreg tok Spenne-Tak, kom seg paa Fot. Og Noreg det auka i Evle og Mot.

Dei flidde det Krykkja, dei flidde det Stav. Men Noreg, det vil inkje vita derav.

Paa sjølveigen Grunn og med Fana si rein det fritt orkar standa paa sjølveigne Bein.

Og *slik* skal det standa, som dugande Kar — so sant inkje Nordmenn „slær Krok" fyr sin Far.

Um Noreg paany vert basta i Band, so fell det fyr svikefull Nordmanna-Hand.

Men stuper det atter, vaart Noreg, fyr Svik, lyt Svikaren trø yver Nordmanna-Lik.

Gjev Handi di, Bror min, — me lovar og kved: *Skal Noreg gaa under, so vil me gaa med!*

FENRIR

Natten har sænket sig sort som en Grav. Høststormen pisker Skum over Hav, knækker Master og splintrer Rær. Da tuter en Ulv paa det yderste Skjær. — Det er Fenrir, som hyler mod Ragnarok.

Det er Fenrir, som hyler mod Gude-Død, mod Gude-Blod og mod Gude-Kjød. Han mindes nok Smagen alt fra den Stunden, han med den usynlige Lænke blev bunden, — Lænken, som brister ved Ragnarok.

Og Senerne røynes i faafengd Harm, mens Sulten sliter hans tomme Tarm. — Men ryker der op et Dommedags-Vær, saa tror han, at nu er Løsningen nær. — Da er det, han hyler mod Ragnarok.

— Vogt jer, Odin og Frøya og Tor! I er ei saa vældige, I, som I tror! Vogt jer, naar engang Helvedes-Hanen galer til Kamp under Helvedes-Fanen, naar engang det lider til Ragnarok!

Naar Fenrir sliter Tusenaars Band, naar Midgarsormen velter iland, naar Naglfar løsner, og Rimtursers Trop

møder med Surt og hans Flamme-Hær op, — vogt jer, for da er det Ragnarok!

Og Fenrisulven paa Skjærets Knat stirrer ud i den sorte Nat. Og Vinden hujer, og Havet spyler, og Fenrisulven med Fraad-Gab hyler: „Lider det ei snart til Ragnarok!"

SVOLDER

Der laag attum Svolder Øy paa Lur ein Skog av Master, av Skrog ein Mur; Svia-Konungen, Dana-Drotten, og Eirik Jarl var au i Dotten. — For stødt der Nordmenn lyt vera med, naar Noregs Merke skal hoggast ned.

Og Trygvason visste kje Ord taa deim. Han kom ifraa Vendland og siglde heim, paa grepa Skutor, men færre enn mange. — Og Olav sjølv styrde „Ormen lange." Og raustare Menn, enn han hadde no, hev Noreg aldri sendt ut paa Sjo.

Dei seig um Odden. Og daa dei saag den Skog og Mur, som bak Svolder laag, daa ropte han Olav: „Lat Segli falla! Rædde, det skal dei oss aldri kalla! Og er dei Tylvti mot ein — — so visst me treng dess minder aa skjota i mist!"

So bar det laust med det Svolder-Slag, som dyn i vaar Soga den Dag idag. Og Danar og Sviar hamla tilbaka, sosnart dei fekk „Ormens" Tenner aa smaka. — Men daa so og Jarlen kom til med si Her, vart Brodde-Bylgja „Ormen" for svær.

Og Trygvason høgt i si Lyfting stod; og ned under Brynja hans draup der Blod.

Daa sa han: „Til Dauden er kvar Mann saka. Og livande skal dei meg aldri taka." — So bykste han med sine Menn uti Hav. Og fri, som han livde, han sokk i si Grav.

VARULV

Han fødtes et Skudaar — en Vinternat-Stund med ligsvøbte Bakker og lukkede Sund, mens Snedrevet pisked mod Væg og Rude, og Ulven hylte ved Grinden derude — Varulv! Varulv!

Og da han var svøbt, — hans Moder har sagt, hun saa, at ved Vuggen en Ulv sad paa Vagt. Hun stirred paa Gutten, og grøssed ved Synet: hun skimted det skyggende Merke i Brynet. — Varulv! Varulv!

Hvor siden i Livet han vanked og for, Ulven fulgte ham tæt i hans Spor, han hørte dens Trin, han følte dens Aande. Det fyldte hans Sjæl med Rædselens Vaande. — Varulv! Varulv!

Men led det til Midnat, da stak han paa Dør i Varulve-Ham og paa Varulve-Klør. Han veired med Lyst sin Varulve-Føde, hvor Gravbakkens Grus hused de Døde. — Varulv! Varulv!

Naar atter af Dag det begyndte at gry, blev Varulve-Hammen skiftet paany,

og Natten ham syntes en Drøm kun igrunden. — Blot kjendte han noget som Ligsmag i Munden. — Varulv! Varulv!

VARDE

Det høyrdest ved Nott eit Dunder paa Dør. Og Husbonden vaknar, spring fram og spør: „Kva er det, som bilar?" „Jau, no maa de ut! for Varden lyser paa Høgenut!" Og kvar Mann visste i same Ande, at no var det kome Ufred til Landet.

Og Mennerne Herklæde paa seg tok, og Skjold og Øks dei lyfte fraa Krok, dei hekta i Belte sitt goda Sverd, treiv Spjot og Boge og skunda til Ferd. For kom det dei, vilde Noreg herja, so fanst det og dei, som vilde det verja.

Og alt som Varde fraa Varde vart tend, dei sanka seg saman fraa Grend til Grend. Og Fylkingen bygdest, og Veg han fann, der fyre gjekk Hovding og Merkesmann. Og Ufreds-Karen fekk jamnan smaka, kva det hev paa seg, at Vardar vaka.

Og gjev det aldri maa verta sagt, at Landet ligg utan Varde-Vakt. Og logar kje Varden paa Tind og Nut, han logar i Hjarta hjaa Noregs Gut. Ja, brenn, du Varde, du signade, klaare, bjartare, høgre fyr kvart eit Aaret!

SOLKVERV

Ljost fyre og myrkt bak! Greid Skuring og klaar Sak: *Ljost fyre og myrkt bak!* Og Snjo-Kaven skreik: „Soli er daud!“ Og Dimma aukade paa etter kvart. Og Vetren var so lang og so aud. Og Notti vart so lang og so svart. Men so fekk me Solkverv innunder Jol. Og Joli, ho kom med aukande Sol. — Det ljosnar, det ljosnar kvar evige Dag! *Det ljosnar, det ljosnar kvar evige Dag!*

Ljost fyre og myrkt bak! Greid Skuring og klaar Sak: *Tru fyre og Tvil bak!* Og Helvite skreik: „Himlen er daud!“ Og Tvilen aukade paa etter kvart. Og Verdi vart so myrk og so aud. Og Hugen vart so tung og so svart.

Men so fekk me Solkverv innunder Jol. Og Joli, ho kom med Tru og med Sol. — Det ljosnar, det ljosnar kvar evige Dag! *Det ljosnar, det ljosnar kvar evige Dag!*

Ljost fyre og myrkt bak! Greid Skuring og klaar Sak: *Vilje fyre og Vim bak!* Og Hugsotti skreik: „Viljen er daud!“ Og Dugløysa voks di meir etter kvart. Og ingen lydde, der ingen baud. Og inkjevetta av allting vart. Men so fekk me Solkverv innunder Jol. Og Joli, ho kom med Vilje og Sol. — Det ljosnar, det ljosnar kvar evige Dag! *Det ljosnar, det ljosnar kvar evige Dag!*

Ljost fyre og myrkt bak! Greid Skuring og klaar Sak: *Vaar fyre og Haust bak!* Og Vetren skreik: „Vaaren er daud!“ Og Kulden aukade paa etter kvart. Og Sporven fraus og leid Svoltar-Naud. Og Verdi var ufjelg og Livet svart.

Men so fekk me Solkverv innunder Jol. Og Soli gjev Vaar, som Joli gav Sol. — Det ljosnar, det ljosnar kvar evige Dag! *Det ljosnar, det ljosnar kvar evige Dag!*



Nu var det gjort, — Brøden forøvet, Anklagen reist, Vidneprov prøvet, Dødsdom var falden og ei appelleret, Dommen var just eksekveret, Dødsdrikken skjænket, Dødsdrikken drukket, Glasset var knust, Tørsten var slukket.

Om et Minut — han eied ei andet, det var ikke meget, kun et Minut, men *det* var hans *eget,* det *Sidste* og kanske det *Første,* det *Ene,* han eied *alene —,* saa var det slut, ja, saa var det slut.

Han selv var Forbryderen, selv skrev han Klagen, selv var han Vidne og Dommer i Sagen, selv var han Bøddel og selv Delinkvent. Selv skrev han saadan sit Livs Testament, før endnu Minutet sit sidste Sekund havde sluttet: „Lykkeligt, lykkeligt Liv, som er dødt! Lykkeligst Livet, som aldrig blev født!“

LJOS

Og Menneskja ho sviv ikring, og Lukke-Draum er Lôs. Og Menneskja ho gjeng i Ring og leitar etter Ljos, Ljos, Ljos, meira Ljos.

Og Menneskja hev Von paa Von og slær si Von ihel. Og Menneskja, det arma Tjon, ho vonar lika vel: Ljos, Ljos, meira Ljos.

Og Menneskja ho hev det so, den stakars Skodde-Dott, at sumde ho i Straale-Sjo, ho kravde lika godt: Ljos, Ljos, meira Ljos!

For Menneskja paa Livsens Straum glid fram mot Æve-Os alt med den løynde Hjarta-Draum: *ho sjølv skal verta, Ljos; Ljos, Ljos, meira Ljos.*

VAAR-VON

Det var ikveld, medan Tankarne sveiv — so vida ikring dei Fuglarne fer —, at ute i Skogen eg gjekk og dreiv. Det var no so fagert og fint eit Vêr. Himlen han kvelvde seg klaar og rein, og Vaaren log ifraa kvar den Grein: „Du Per, du Per, — aa hei! aa hopp! — og er du no der! Og kjenner du inkje ikveld, ikveld, at Livet, det er no det likaste lell?“

Og alle dei Blomar og grøne Straa, eg saag, kvar helst eg so gjekk og for, dei rudde seg Rom so hugheilt, dei smaa, imillom det Lauvet, som datt ifjor; dei keik, og dei nikka. — Eg tykte, eg, det var, som vilde dei segja til meg: „Du Per, du Per, — titt, titt! titt, titt! — og er du no der! Og kjenner du inkje ikveld, ikveld, at Livet, det er no det likaste lell?“

Og Vinden han veifta so ender og Gong, alt medan Soli i Vester seig. Og Gauken han gol, og Sysvorti song, og Lerka ho tralla, imedan ho steig. Og som eg daa gjekk der og rusla so smaatt, eg tykte, eg skyna deim alle so godt: „Du Per, du Per, — ku ku! kvivit! tilleti! — er du der! Og kjenner du inkje ikveld, ikveld, at Livet det er no det likaste lell?“

— So anda eg ut av min Barm so saar den Dauda-Dumba i djupe Drag. Eg drakk av den Lufti so frisk og klaar, og klinka med Livet, som liver idag. Eg nikka til Lauv og til Gras og til Blom, eg tralla aat Fuglo, so Lunden gav Ljom: „Han Per, han Per — aa hei! Hurra! tralala! — han er her! Og det kann han kjenna ikveld, ikveld, at Livet det er no det likaste lell!“

VI VIL OS ET LAND —

Vi vil os et Land, som er frelst og frit og ikke sin Frihed maa borge. Vi vil os et Land, som er mit og dit, og dette vort Land heder *Norge.* Og har vi ikke det Land endnu, saa skal vi vinde det, jeg og du!

HEIM

Det hender so tidt, at ein Norrøna-Gut stend lengtar mot Sør yver Sjoen ut, naar Hausten grin ifraa Nord. Og vert det so Høve, ja, daa er han glad, han hissar Seglet og stryk avstad ut fraa sin Heimsens Fjord.

Men kjem det ein Dag, daa han tenkjer som so: „Tru byrjar det vaarast i Noreg no?“ — daa tek det til dreg, so det svid; han fær inkje sova, han hugsar for vel, kor Killingen dansar, og Gauken gjel der nord i den grøne Lid.

Og daa er han sæl, han kann snu sin Stamm og taka Leidi mot Heimsens Hamn i Viki derinne i Fjord. — For var det der nordantil, Vogga vaar stod, so kjenner me *det* i vaart eige Blod, at Vaaren han dreg mot Nord.

LØV

Jeg saa det ivaar som en svulmende Knop. Jeg saa det, da Solstraalen lukked det op. Jeg saa det isommer, mens Maaltrosten sang. Jeg saa det ihøst, da det visnende hang. Jeg saa det idag som det gulnede Blad at dale mod Jord, medens Høstvinden kvad. Lad falde! Lad dækkes af Rimfrost og Sne! — Lad falde, lad falde!— — Det

maatte jo ske!

HAUST

Kvar vart det taa alle dei Fuglar, som song i Sumar so vænt millom Greino? Sidan eg høyrde deim ender og Gong; og so vart det Stilla i eino. — Han tagnar, Fuglen, mot Hausten.

Kvar vart det taa alle dei Blomar, som stod og nikka i Ljos og i Ange? Eg ser yver Bøen, men er inkje god faa Auga paa ein av dei mange. — Han visnar, Blomen, mot Hausten.

HEIS OS ET RØDT —

Heis os et rødt, et flammende Flag! Heis det som Merke for Sol og for Dag! Heis det for alle, som trodde og tror, at Livet, der *kjæmper,* er Livet, der *gror!* Heis det i Top for Bastillens Grus som Løfte om Fremtidens fredlyste Hus!

Der ryker atter i denne Stund fra tusen Lunter til tusen Miner rundt paa Europas drønnende Grund, varslende Knald og Fald og Ruiner. Du Skaber-Vilje, paa evig Vandring ifra Forandring og til Forandring:

lad Knaldet lyde, lad Faldet komme, lad Rædslen isne og Blodet flomme, — saasandt der følger en Verdens-Seir som Sekel-Sold for den Fremtids-Leir, der slutter Fylking om Broder-Retten mod Rovdyrs-Driften og Bajonetten.

Hil dig, du evige Fremskridts-Bud, du Nytaars-Bringer, dù Livets Gud!

FERDAMANN

Eg vanka paa Foten so vida ikring yver Stokk, yver Stein; eg fekk Støyt, eg fekk Mein, — og stundom so fekk eg no slett ingen Ting. — „Aa haa, aa ja, det er so mangt, du i Verdi fær trøyta!“ sa ho gamla Gro Brøyta.

Eg bygde meg Skuta, eg styrde ho sjøl. Men so siglde eg paa, miste Ror, miste Raa og fekk vera glad, at eg flaut paa ei Fjøl. — „Aa haa, aa ja, det er so mangt, du i Verdi fær trøyta!“ sa ho gamla Gro Brøyta.

Eg smidde meg Vengjer, flaug til og ifraa. Men som kvassast eg flaug, jau, so sa dei, eg laug, og sume, dei kalla meg Diktar, attpaa —— „Aa haa, aa ja, det er so mangt, du i Verdi fær trøyta!“ sa ho gamla Gro Brøyta.

SVALEN

Det var sig saa solblank en Junidag — kvivivivivit, kvivivit, kvivivit! — Svalen hun sad oppaa Laavetag: kvivivivivit, kvivivit! „Mor, Mor, saa sig mig da: hvor kom Svalen fra? hvor kom Svalen fra?“ „Fra Afrikas Strand, fra Palmetop over Hav og Land hun hasted herop; hun længted at gjeste sit Rede igjem“ — Naar Sommeren kommer til Norge, saa kommer Svalen med den.

Det var sig en koldklam Oktoberdag — dryppedryppedryp, dryppedryp, dryppedryp — Regnet det siled fra Laavetag: dryppedryppedryp, dryppedryp. „Mor, Mor, saa sig mig du: hvor er Svalen nu? hvor er Svalen nu?“

„Til Afrikas Strand, til Palmekyst over Hav og Land hum iled med Lyst. Og Redet paa Bjelken staar øde igjen.“ — Naar Sommeren reiser fra Norge, saa reiser Svalen med den.

RAMN

Det ligg ei Sletta i Solarglad strøydd utav Lik i Kross og i Rad, — Lik attmed Lik, med brostne Augo og knytte Nevar. Og Munnar gaper, og Dauden tevar. Og ovantil krinsar ein svart ein og skrik.

Blod utan Puls og Kjøt utan Sjæl burtyver Land og hityver Lende. Og ovantil krinsar fram og attende kring yver Valen ein svart ein og gjel. — Det er Ramn, det er Ramn, det er Valramn!

*

Aa haa, det var derifraa Vinden bles, at det er framfyr Maten du syng og les! — For til Gjestabods-Bord av glupaste Slag er du boden i Gilde hjaa Dauden idag. Der er duka med raudt, der er diska til Fest med alle dei Retter, som smakar deg best. Der er inkje Trot paa Lever og Lunga, Nyra og Hjarta, Auga og Tunga, og Blod til Borddrikka attaat du faar, skjenkt deg i djupe, breddfulle Saar, — og alt so paalag millom rote og raatt, slik som det plagar deg smaka so godt, du Ramn, du Ramn, du Valramn!

*

Og Ramnen flyg yver Manna-Heim. Og berre av Fysna so gjel han og skrik, imedan han syp av den rotne Eim, som stig i Vêret fraa Lik attmed Lik: av Viljen, som døydde, avdi at han smaug, av Tunga, som døydde, avdi at ho laug, av Hjarta, som døydde, avdi det vart kaldt, av Barnet, som døydde, avdi at det svalt. Dei ligg dernede ved Allfare-Veg, — dei ligg nednede og biar paa deg, du Ramn, du Ramn, du Valramn!

*

Og naar det so lid til den siste Dag, og Dauden hev vunne sitt sista Slag,

daa lyt du syngja i Likstova fyrst. Men som du so fulla vert svolten og tyrst, so atter du gjeng til eit Gjestabods-Bord, ditt rikaste reidde, ditt sista paa Jord, du Ramn, du Ramn, du Valramn!

PAA SOLSIDA

Det var Solkverv igaar, det var Solkverv igaar, — hei hopp, hipp hipp, hurra! Og sjaa dermed so snur det seg atter til Vaar. Hei hopp, hipp hipp, hurra! Herregud kor den Soli ho gyller paa Snjo! Og ho tykkjest meg blenkja so nytvegi no, og ho smiler mot Joli so livande glad. — Hei hopp, hipp hipp, hurra!

Her skal grønkast og gro, her skal grønkast og gro, — hei hopp, hipp hipp, hurra! Jau, for Soli kjem atter med Bota-von no. Hei hopp, hipp hipp, hurra! Burti Bakken skal Biomen faa sola seg enn, medan Lerka og Sysvort skal tralla igjen, og fortelja, at Verdi igrunnen er bra. — Hei hopp, hipp hipp, hurra!

FUGL

En fremmed Fugl jeg var og er, blandt mine egne dog især. En fremmed Fugl, en fattig en, som søger sig en liden Gren.

En liden Gren at sidde paa, hvorfra jeg kan min Trille slaa. Jeg har endnu en Sang igjen, og gad saa gjerne synge den.

En liden Gren med Vaarløv paa, og er den bar, nu vel, lad gaa! Og om jeg ikke faar en Gren, tar jeg tiltakke med en Sten.

For synge maa jeg end en Gang; jeg har endnu en fattig Sang. — Men sig mig, Gud, er det ei slig, at den, du gav en Sang, er *rig?*

LERKA

Og vesla Lerka, ho hev det so, at finn ho ein Tuve-Topp fri fyr Snjo, so kved ho i med sin gladaste Song, — so trur ho paa Vaar med ein einaste Gong. — „Aa hei! aa hi! aa tiriliti!“

Og vesla Lerka, ho hev det slik, at finn ho ei Solstraala, so vert ho rik. Daa stig ho i Høgdi og trallar i Lit til Sumar paa Jord, endaa Snjoen ligg kvit. — „Aa hei! aa hi! aa tiriliti!“

Og Lyngtuva, det er Lerka sitt Fat. Der set ho seg ned, og so fær ho seg Mat. Og naar ho er mett, ho takkar so glad Vaarherre fyr Maten med Kvitter og Kvad. „Aa hei! aa hi! aa tiriliti!“

Gud signe deg! du er Fuglen min, du! Gud signe no deg med di glada Tru! Og møter eg Kulde og Snjo paa min Veg, Gud gjev meg i Sol-Tru aa kveda med deg: „Aa hei! aa hi! aa tiriliti!“

LUR-LEIK

Og uppe i Fjellom der budde eit Troll, og det var eit Troll heitte Hein. Han hadde ei Stova der inni ein Koll, og Stova ho var no taa Stein. Og Troll i Koll og Hein i Stein, han sat der og lydde i Kollen, naar Gjenta bles Lur nedpaa Vollen.

Og Jutulen opna si Stein-Dør paa Glytt og sette si Stein-Hand fyr Truten: „Aa vena mi Gjenta, aa skund deg og flytt! kom upp og ver Kona i Nuten hjaa Troll i Koll, hjaa Hein i Stein! Eg breider deg Gull-Tjeld paa Tilja, um du meg vil vera til Vilja!"

„Nei, du er so gamall og graakald og tung og kann inkje kyssa fyr Trynet. Og eg er so spretti og raudleitt og ung og frisk som ein Vaardag i Synet. Du Troll i Koll, du Hein i Stein — aa lium og lu-um og lilja! eg vil deg kje vera til Vilja!“

SOL

Nei sjaa, kor det lyser og gyller og brenn burtpaa Snjokollen der yver Lid! Det er Soli, som renn, det er Soli, som renn og helsar so god og so blid. Og tusund av Augo, dimme fraa Draum, skal drikka seg bjarte i Solstraale-Straum. — Ja, Sol treng me alle; men Sol, det er no inkje det sama som Solgangs-Vêr.

Og Vetren er hardhendt og isar so stiv, solenge han valdar og raar. Men Jordi ho gøymer so mangfelte Liv, som stundar mot komande Vaar.

For Blomar vil spretta i angande Lag, og Fivreld vil fram og vil liva sin Dag. Og Sol treng dei alle. — Men Sol, det er no inkje det sama som Solgangs-Vêr.

Me sender fraa Jord eit bedande Bod, som upp imot Himmelen gjeng. Me bed til Vaarherre, for han hev Raad um Sol, so mykje me treng. Me bed han um Sol yver Hjarta og Hug, med bed han um Sol yver Yrke og Dug. Gjev Sol, du Gud Fader! — Men Sol, det er no inkje det sama som Solgangs-Vêr.

SNORRE

Med Takk i Hjarta og Hatt i Hand i Tanken eg stend ved di Grav, du Hovding gjæv fraa det harde Land langt ute der vest i Hav. For naar her liver eit Noreg enn fraa Stad til Sulitjelm-Nut, me takkar fremst utav alle Menn han Snorre Sturlunga-Gut.

Me hadde gløymt baade Mor og Far, oss sjølve so hadde me gløymt, — me hadde gløymt, at me eingong *var,* um inkje du hadde gøymt. Me rak ifraa oss vaart Ervegull og miste det Skatt fyr Skatt. Du sanka det saman i Kista full, og so du gav oss det att.

Daa Noreg slepte sin eigen Ror og miste Leidi so reint, daa synte du, kvar me eingong fór og dengong stemnade beint. Der Geysir frøste, og Hekla skolv, der vart det ditt heilage Kall aa løda Bord til det nye Golv i Noregs sjølveigne Hall.

Naar her me byggjer i hugheil Tru og tryggjer Heim i vaart Land, daa er du med ved vaart Arbeid, du, og stend med peikande Hand. Og naar her liver eit Noreg enn fraa Kjøl og vester til Hav: vaar Takk, du største av Islands Menn, og atter Takk i di Grav!

SOGA

Du gamla Soga, som stødt er ny og frisk som ein Jonsok-Leik: naar Hugen vabbar i Haustar-Dy, daa kjem du med Vaarsols-Kveik. Du syner Livet i Vokster-Drag, du stydjer og du gjev Raad, du provar, at enn hev me aukande Dag i Verdi til Lukka og Daad.

Ja, Soga i Bok og Soga paa Munn og Soga i Jord og Stein, du manar oss Liv paa knause-hard Grunn og Hold paa dei berre Bein. Du ter oss oss sjølv, som fram ifraa Rot han voks seg, vaar Livsens-Streng. Du er ei Lykt, eit Ljos fyr vaar Fot, der vidare fram me gjeng.

Di skal du benkjast som Oldemor paa sømdaste Sess me finn. Me høyrer med heilag Gaum dine Ord og gøymer deim i vaart Sinn. Me veit, dine Augo vaktar med Hug kvart Stig me i Livet gjer. Me blotar deg Offer av Heiders-Dug, der Framgangs-Ferdi me fer.

OLAV OG ERLA LITI

Olav gjekk reika paa Tunet ein Dag og minte seg Ting av ymse Slag. Ja, der stod Fjøset, — det var det sama, og Stabburet med, og Løda derframa.

Men der saag han noko, som inkje var fyrr; fyr Laaven var kome ei nylaga Dør. Han hugsa nok den, som fyrr hadde vore, med Rune-Namnet han sjølv hadde skore.

Og der kjem Erla dertande fram. Han dreg seg til Minnes, kor halvt ho var tam,

og so kor trutt hennar Ungar han mata, og kor han for hennar Skuld Katten hata.

*

Erla liti ho kjem seg ein Dag i Vaar og set seg paa Gjerde-Stein. Erla liti attende til Noreg traar og kjem no so tvegi og rein. „Kvitt!—Kvitt!“ segjer Erla liti.

Ho vippar med Velet, ho flagsar med Veng, og hoppar paa Tunet inn. Og som der so snerti ho trippar og gjeng, ho gjer baade leitar og finn. „Kvitt!—Kvitt!“ segjer Erla liti.

So nappar ho Fly, so nuppar ho Makk, — det er fulla smakandes Ting! Og alt i eitt legg ho Halsen skakk og ser seg so kvat ikring. „Kvitt!—Kvitt!“ segjer Erla liti.

For Kattepus ligg seg paa Laave-Bru, — han er no so løynsk ein Kar: og Katten han er slett inkje aa tru. Men Erla — jau Takk, ho er var! „Kvitt!—Kvitt!“ segjer Erla liti.

Erla liti ho flyg uppaa Laave-Tak, — det er no so høg ein Tram. Og der er ho trygg, der gjeng ho so spak og dertar seg att og fram, „Kvitt!—Kvitt!“ segjer Erla liti.

So kved ho ein Vise-Stubb, rein og vak, og glitrar so kvit og blaa. So reider ho Reir under Skytje-Tak, — der el ho dei Erl-Ungar smaa. „Kvitt!—Kvitt!“ segjer Erla liti.

Og Lerka og Staren hev Tru so snøgg, at stundom paa Livet det gaar.

Men Erla ho er so grannsam og gløgg, at kjem ho, ja daa er det Vaar. »Kvitt!—Kvitt!“ segjer Erla liti.

*

Ja, ut ifraa Noreg for Olav som ho, og sidan heim yver saltan Sjo. Aa, den som kunde, kva det so hende, koma so tvegi som Erla attende!

ERLING SKJALGSON

I Fagrare og frøknare fanst inkje Kar fraa nørdst i Noreg og ned til Lindesnes. Og beid inkje betre Hjarta-Botn hjaa Mann millom Kjølen og Moster-Øy.

Laak var den Lagnad som lagde Mein-Sperre, so han og Haraldson inkje høvdest, — vart det til Vanske og Vondt fyr baade, mykje Møda, ja, Livs-Mein attaat.

For stride og strake som Staur dei var, straks dei seg trudde Retten til; — og gjekk so Gjerdi slik ho det gjorde. Men tunge Taaror hev Noreg turka fyr Olav og Erling og gjer det atter, — og signar samstundes sælt deira Minne.

For baae dei brøytte med Framtids-Brodd til kvar sin Kant paa Kara-Gjerd vonfull Veg fyr vaart Folke-Vel og Lukka fyr Liv i Noregs Land.

II

Seig imot Sole ei Skuta inn fyr slake Segl i skrælen Vind.

Det var Erling Skjalgson som stemnde til Stranda, — men denne Gongen med kløyvd Panna.

Flaug det som Eld yver Jadar-Land, at myrda var Rogalands gjævaste Mann. Og Aalmugen auka som Vaarflaum fraa Fjellet, der Rygje-Kongen laag stiv under Tjeldet.

Sume jamra, og sume svor, sume stod bleike utan eit Ord. Daa steig ei Røyst som tok med seg alle: „Hemn og Daud yver Fitjaskalle!“

Der stend ein Flokk av hard-barka Menn her ifraa Sole si næmaste Grend, eingong bundne til Træle-Yrke; men no so eig dei sin eigen Styrke.

Trælar, sanka fraa Aust og fraa Vest, kaupte og selde som Ukse og Hest. „Friskt Mot!“ sa han Erling, „eg vil deg kje verre enn: sjølv kann du verta din eigen Herre.

Fyrst lyt hjaa meg du tena deg fri, og forare gjeng det, di meir du tek i. Sidan du fær — som her eg skal lova — Rudnings-Land til Aaker og Stova.

Og dermed du hev, um du yrkjer trutt, din Heim paa Grunn som du sjølv hev rudt. Og hugs so paa i tung-lyndte Rider, at det er paa Lukka di eigi du smider.“

Og Havren han voks, der Lyngen han gjekk, og fleire og fleire sin Fri-Rett fekk, vart festa til Grunnen paa likaste Maate; for Mannen huglegg sin eigen Brote.

Og Erling Skjalgson skal liva, han, i Smaa-Manns Minne kring Noregs Land. Til seinste Ætter Soga vaar mæler: han skapa Menn, og Nordmenn, av Træler.

TORD FOLESON

Dei stod paa Stiklestad, fylka til Strid, den gamla og so den nya Tid, det, som skulde veksa, mot det, som skulde siga, det, som skulde falla, mot det, som skulde stiga.

So drog dei Sverdi i sama Stund, den bjarte Kong Olav og den graa Tore Hund. Og Herropet dunde, so Jordi ho dirra, og Spjoti dei suste, og Pilarne svirra.

Men so er det sagt, at ein gasta Kar, Tord Foleson, Merket hans Olav bar. Og denne Tord Merkesmann, honom me minnast, solenge i Noreg Merkesmenn finnast.

Daa Tord han kjende, han Banasaar fekk, der fram i Striden med Merket han gjekk, daa støyrde han Stongi so hardt han kunde, i Bakken ned, fyrr han seig innunde.

Og gamla Soga, ho segjer so, at Tord han stupa, men Merket det stod. Og soleis maa enno Mannen gjera, skal Framgangs-Merke i Noreg han bera.

Mannen kann siga; men Merket det maa i Noreg si Jord som paa Stiklestad staa. Og det er det stora, og det er det glupa, at Merket det stend, um Mannen han stupa.

SVOLA

Eg visste kje av, det var vorte Vaar, —eg visste kje av det, fyrr her igaar. Det var som eg inkje sku gaatt eingong, at Lauvet spratt, og at Fuglen song.

Eg gjekk her og kava og gnog med mitt; for det er no so, at kvar ein hev sitt. Eg keik berre inn, eg saag inkje ut, — eg øygna kje anna enn Skodda og Sut.

Daa log det i Lufti so god ein Laatt og spela ein liten forlivande Slaatt. Kvaslag? — jau sosant er det Svola, som kved! Men daa er det Vaaren og Sumaren med!

Det var som eg vektest av Mare-Rid. Og Graset var grønt, og Soli var blid, og Lauvskogen anga, der ny han stod, og Fuglen var glad, og Gud han var god.

— Og Svola er Gjenta so fin og so fjaag. Og lovar ho Sumar, so held ho det og. For endaa so vida ho svintar og sviv, er Sumar i Nordheimen Svola sitt Liv.

SPORVEN

Og Svola og Erla, dei bur seg og stryk, naar Sumaren hallar mot Vetter; og Lerka ho tagnar, og sidan ho stryk mot Sud fraa dei rimslegne Næter. Men Sporven han er seg so trufast ein Kar, — han likar seg best paa den Teigen han har, der han og hans Frendar saag Ljoset.

Ja, nog er det deim som vil svinta avstad, naar Hausten seg legg ikring Tufti. Men sume i Heimen er likaso glad, naar Snjokaven trugar i Lufti. Og Sporven han vyrder kje Frost eller Snjo, han held seg til Heimen, og bergar seg so, — um og det no stundom vil knipa.

Og Sporven held ut, til det atter er Jol. Og daa vert det Velferd fyr Karen. For Joleband stend det paa Skjol etter Skjol, og daa er han fagnaleg faren. Og lid det so lenger, — ja so vert det Vaar, og etterpaa Sumar kvart einaste Aar, — og Sporven han fylgjer med Tidi.

TIL TELEMORK

Aa, kunde eg fara til Telemork og liva ei Sumarstund! Der gror det Ryllik paa Stove-Tak og Songar paa

Folkemunn. Til Telemork, dit stend mi Traa til Gauksto-Fjell og til Vinje-Gjeld, til Rjukan sval og til Morgedal. — Til Sumars so fær me sjaa!

Eg lengtar aa sjaa der dei kom ifraa, dei fyrste i Sverres Flokk. Dei valde aa berjast med Næver paa Bein, til Daud eller Siger dei rokk. Dei rokk det Maal, dei vilde naa. Og me stend her og Halvlinga er. Eg tenkjer som so, naar Noreg vil gro: til Sumars so fær me sjaa.

Eg langtar aa sjaa, der han Aasmund rann som Raun av den gamle Rot. Eg langtar aa sjaa, der han Jørund Skald gjekk fram paa sin Gjætar-Fot. Eg vitja vil han Dyre Vaa og gjesta Troll inni Grunge-Koll og Raudberg-Nut, og so *Storegut.* — Til Sumars so fær me sjaa.

Eg kjem meg vel eingong til Telemork, um inkje det vert iaar. Og daa lyt det vera Sumar og Sol, og eller so Sol og Vaar. Til Telemork, dit stend mi Traa, til Gauksto-Fjell og til Vinje-Gjeld, til Rjukan sval og til Morgedal. — Til Aars — ja, so fær me sjaa!

IVAR AASEN

(Tone: „Ola Glomstulen ——“).

Han gjekk for seg sjølv, korkje halt eller skakk. Og sjeldan du saag han i nymaata Frakk. Av Silke-Vest fanst det kje Filla hjaa han, — enn var han meg Noreg sin finaste Mann.

Um Vesten var Vadmaal som Trøya den graa, innunder det banka eit Hjarta som faa. Det banka for Noreg si Heppa og Frægd, der Morsmaalet ikkje tarv vera paa Legd.

Paa Hovud sat Hatten med Merke av Aar, men under laag Hausen so rund og so klaar. Og aldri han geipa til andre sitt Verk, — difor var han og i sitt eige so sterk.

Han røkte, til Noreg si Livs-Rot han fann — og derfraa just Morsmaalets Livsskjelda rann. Han fann henne full utav Tros og av Stein, — tok so til aa yrkja, til Grunnen vart rein.

Daa syntest det fyrst, kor den Drykken var klaar, som runne han hadde i Hundradtal Aar. Det smaka av Soga sin urgamle Brunn, — og det var vel Drykk for ein Norrøna-Munn!

— Ja, Ivar, kva du hev faatt retta for oss, det veit me, og helsar fraa Trysil til Voss, at fagnare Kar veit vaart Land ikkje av. — Gud varne vaar Bautastein her paa di Grav!

BEIN

Hundar so er det um kvart eit Bein, um ogso det ligg i ein Rennestein.

Sulkut og sleipt og gnege paa, — Hundar so slæst dei um det endaa.

For Hundar dei ser seg Nytte i Bein, og bryr seg so lite, um Maten er rein.

Og sælt er det Land, som eig Hundar og Bein, og hev seg so dertil ein Rennestein.

Noreg hev Hundar, og Noreg hev Bein, Noreg hev jamvel sin Rennestein.

Og difor er Noreg so stort og so sælt, at sume tykkjer, det reintut er fælt.

Og Hundarne bitast, og Hundarne gøyr, og Beinet det ligg i Rennesteins-Søyr.

Men medan dei slæst, er det ein, som sit still: han ser paa, han ventar, han veit, kva han vil.

Og sløgaste Hunden fær alltid sitt Bein; han tek det so hugheilt or Rennestein.

EIT ORD

Ja, no skal Noreg ha Takk fyr meg. Og so fær daa kvar ein syta fyr seg. Eg gjorde mitt, og det var ikkje stort. — Men endaa eg segjer at gjort er gjort.

Eg vilde det besta, eg rokk inkje meir, — og det kann nok raaka fyr nokon fleir. Eg gav det eg hadde, eg hadde kje stort. — Men endaa eg segjer at gjort er gjort.

Eg vilde mitt Noreg so indarleg godt, eg vilde det stort, der det enno er smaatt. Og aldri eg var so fjaag og so glad, som naar eg fekk kveda Noreg eit Kvad.Det eingong fall Noreg den Tanke inn: Aa gjera Æra paa Smaa-Skalden sin. Og Norges Sam vit, Stortinget sjøl, gav tusund Krunor til Mat og Øl.

Det rokk og det vara — det vara eit Aar. Og so var det atter dei gamle Kaar. — No, Stortinget gav, og Stortinget tok, — for Stortings-Gubben han er so klok.

Og Hundar gøydde, og Bikkjor beit, imedan eg aat meg paa Staten feit. Ja, Stortinget gav, og Stortinget tok, og eg stod att med ei rivi Brok.

So hev eg eit Hovud, der Pina reiv og riv, dimeir eg so skriv og skreiv. Og naar eg so talmast paa harde Liv, so ropte dei: „Skunda deg, Per, og skriv!“

Og Vener eg hadde, og inkje faa. Men ein etter ein fekk dei Hug aa gaa. Eg sa mi Meining, det var ikkje stort, — men lat det no skura med gjort som gjort.

Og so skal daa Noreg ha Takk fyr meg. Og so fær daa kvar ein syta fyr seg. — Men eg vil Noreg so indarleg vel, at hugheilt so gav eg det Hjarta og Sjæl.

„GØYM MEG, MOR!“

Smaaguten kviler ved Mor sin Barm, der er han so urædd og held seg so varm. Og sidan han leikar paa Golv og Tun. — So byrjar Tora aa slaa yver Brun, og Rædsla kryp han nedyver Rygg. Daa spring han til Mor og vil kjenna seg trygg: „Mor, Mor, gøym meg, Mor!“

Og Menneskja vankar so vida ikring, og kvar ho so gjeng, ja, so gjeng ho i Ring. Og naar ho so eingong fyr Aalvor vert trøytt, og allting er freista og allting er nøytt, so ligg ho og maurar og veit ikkje meir enn berre ei Lengting som Fugl til sitt Reir: „Mor, Mor, gøym meg, Jord!“

Og eg var eit Barn, og eg er ein Mann, og mykje eg vanta, og lite eg vann. Eg vanka og flutte paa villande Fot, og jamnast so bar meg no Vegen imot. Og no er eg trøytt, og eg stundar til Natt, og berre ein einaste Sukk eg hev att: „Mor, Mor, gøym meg, Jord!“

—